

AVTALE

mellom

Meland kommune

Og

Nordhordland Indremisjon

Eigar av gbnr. 23/1 i Meland kommune

Avtalen gjeld tiltak for å unngå flaum i Holtermandsvegen. For å handtera overvatnet skal kommunen mellom anna leggje overvassrør i området. Samstundes med arbeidet vil eksisterande vass-og avløpsleidningar bli skifta ut.

Meland kommune og eigar av gnr. 23 bnr. 1 i Meland har inngått følgjande avtale om nytt VA-anlegg, der kommunen er ansvarleg for prosjektering, anleggsarbeid og seinare drift og vedlikehald:

1. Meland kommune gjevast rett til å leggja og ha liggjande overvassleidning, med tilhøyrande utstyr og kummer. Grunneigar gjev Meland kommune også rett til å bytta ut eksisterande vassleidningar. Den aktuelle plasseringa av lediningane er synt på vedlagde forstørring av kart i målestokk 1:1000. Det kan bli mindre tilpassingar av trasèen innanfor anleggsbeltet i samband med detaljprosjekteringa og utføringa av leidningsanlegget.
2. Meland kommune har vidare rett til tilkomst til leidningsanlegget i anleggstida og tilkomst for seinare tilsyn, vedlikehald og fornying, herunder rett til å nytte private atkomstveger.
3. Anleggsarbeidet og seinare vedlikehaldsarbeid skal utførast slik at det valdar minst mogleg skade og ulempe. Der eigedomen vert berørt av anlegget skal dei opphavlege forholda bli gjenoppretta i den grad det er mogleg.
4. Eventuell erstatning for skade eller ulempe som måtte bli påført eigedommen som følgje av kommunen sitt anleggsarbeid skal erstattast ved minneleg overeinskomst, eventuelt skjøn. Skader ved kommunen sitt framtidige tilsyn, vedlikehald og fornying av leidningsanlegget skal bli handtert på same måte.
5. I ein fråstand på 4 m frå midt-grøftetrasè må det ikkje førast opp bygg, gravast, sprengjast eller i det heile setjast i verk tiltak som kan medføra fare for leidningen. I dette feltet skal det heller ikkje plantast tre. Ellers må det tett inntil leidningsanlegget visast varsemd slik at det ikkje vert skadar på anlegget. Ein føreset at leidningen vert lagt med minst 1 m overdekning. Vanleg jordbruksarbeid, pløying og liknande kan utførast over leidningen.

Kommunen kan gje dispensasjon med vilkår frå denne bestemminga.

6. Etter at anleggsarbeidet er utført over eigedomen skal Meland kommune, saman med grunneigar, føreta synfaring.
7. Denne avtalen skal tinglysast som hefte på eigedomen. Meland kommune betalar tinglysingskostnadane.

Stad og dato: Frekvang 12/11-19

Nordhordland Indremisjon
Eigarar av gnr. 23 bnr. 1

Helge Stå
.....

Org. nr: 964 869 731

Stad og dato: 21/11-19

Meland kommune

Army Bastesen
.....

Org.nr.: 951 549 770

MELAND KOMMUNE
Plan, utbygging og kommunalteknikk
Sektorsjef teknisk